

## **Referat frå møte med grunneigarane i Fosnavåg hamn**

### **Tid og stad:**

Dato: 24.08.2020  
Tid: 11:00-12:00  
Stad: kommunestyresalen

### **Deltakarar:**

Herøy kommune: Ordførar Bjørn-Halvor Prytz, varaordførar Bjarne Kvalsvik, formannskapsmedlem Ann-Kathrin (Tine) Storøy og formannskapsmedlem Karl Oskar Sævik. Vidare møtte kommunedirektøren Trond Arne Aglen og ass.rådmann/kommunalsjef Andreas Christian Nørve som sekretariat

Fosnavaag Pelagic AS: Roar Aasen

### **Referat frå møte:**

Ordføraren innleia møte med å vise til vedtaket i formannskapet, der formannskapet gjekk for tilrådinga til kommunedirektøren:

«På grunn av den økonomiske risikoen i prosjektet, sett opp i mot kommunen sin økonomiske og finansielle situasjon, så går kommunen ikkje vidare med prosjektet.»

Vidare viste ordføraren til at formannskapet gav ordføraren i oppdrag om å ta kontakt med grunneigarane i indre hamn. Dette for å sjå på moglegheitene for å få til eit spleiseland for å redusere kommunen sin økonomiske risiko i prosjektet.

Fosnavaag Pelagic AS (selskapet) var invitert til møte, og det var dagleg leiar Roar Aasen som møtte på vegner av selskapet. Ordføraren tok opp spørsmålet om krava frå Fosnavaag Pelagic AS var absolutte – og kommunen hadde registrert følgjande krav frå selskapet:

- eigarskap til den nye landarealet tilknytt Fosnavaag Pelagic AS sin eigedom
- eigarskap til den nye kafronten
- økonomisk garanti for driftstans i anleggsperioden

Dagleg leiar Roar Aasen svarte i møte at selskapet, etter invitasjonen frå kommunen, har hatt interne drøftingar i selskapet/styret rundt desse spørsmåla – både i slutten av førre veka og i helga. Fosnavaag Pelagic AS vurderer det som utfordrande at kommunen skal eige den nye landarealet, og peiker på at dersom kommunen skulle eige grunnen og Fosnavaag Pelagic AS skulle eige bygningane – så vil Fosnavaag få utfordringa spesielt opp i mot finansiering av bygningar på annan manns grunn. Når det gjaldt kafronten, så hadde selskapet vurdert dette på nytt, og selskapet kan no godta at kommunen har eigarskap til kafronten, dette mot ein bruks- og/eller disposisjonsrett til kai. Det vart peika på frå Fosnavaag Pelagic AS at de er villige til å drøfte kva type avtaler som skal gjennomførast både for land og kafront. En må finne løysningar som gjer at Herøy Kommune kan ta dette som ei finansiering og ikkje over drift.

Når det gjaldt Fosnavaag Pelagic AS sitt krav om økonomisk garanti, opp i mot driftsstans i anleggsperioden, så stod selskapet fast på dette. Selskapet viste til at kommunen måtte ta

det økonomisk ansvaret for ein slik stopp i produksjonen, då dette vil vere ein kritisk situasjon for selskapet – og kommunen måtte legge eit press på utførande entreprenør om å legge til rette for å unngå driftsstans. Fosnavaag Pelagic AS understrekte dette ved å vise til at to veker driftsstans i november/desember kan føre til at selskapet går med tap. Selskapet var tydeleg på at kommunen burde sette dette som krav i anbodet, og gav ulike eksempel på andre prosjekt i Norge med eit slikt krav. Selskapet understreka at det vil vere mogleg å planlegge driftsstans i andre periodar i året – til dømes frå 7. mars til 25. mai – slik at mudring og bygging av deponi kan gjennomførast heile døgnet.

På spørsmål om Fosnavaag Pelagic AS kunne yte økonomisk tilskot til prosjektet, så var selskapet klar på at dette ikkje var mogleg - slike midlar hadde ikkje selskapet. Det Fosnavaag Pelagic AS kunne gjere var å vidareutvikle verksemda ved å skape fleire arbeidsplassar, og viser til at selskapet ser at bearbeiding gradvis blir flytta tilbake til Norge sjølv om selskapet ikkje kan seie noko om kva som skjer om 10 år.

I møtet så var det frå kommunen sin side vist til at mykje hadde endra seg sidan dette prosjektet starta i 2014, og det var reist spørsmål om kva behov Fosnavaag Pelagic AS hadde for utdjuping i hamneområde dei neste 10 åra. Selskapet orienterte om at dei sjølv hadde fjerna ein «nabb» innerst inne i hamna. Det var då igjen to slike «nabbar» i hamneområde, som kunne vere ei utfordringa for båtane som skulle til og frå Fosnavaag Pelagic AS sitt anlegg.

Fosnavaag Pelagic AS understreka at dei kan nytte fiskerihamna slik den er i dag dei neste 10 åra. Selskapet peika på at med dagens situasjon er det vanskeleg å ha eit lenger perspektiv på drifta enn dette. Vidare at anlegget i dag er godkjent og er veldig bra stand og at selskapet dei siste to åra har investert betydelege beløp i anlegget. Likevel ser selskapet at båtane blir større og større og at på eit litt lenger sikt, så vil det vere behov for ei utdjuping av fiskerihamna.

Fosnavaag Pelagic AS vil ha ein økonomisk garanti frå kommunen/entreprenør for driftsstans, men ser likevel moglegheit for å planlegge seg vekk i frå denne risikoen. Dette ved å stille krav i anbodet samt legge til rette for drift i anleggsperioden. Dette ved at i oppstarten kan båtane bakke seg inn til eksisterande kai mens dei første lengdene av spuntvegg monterast frå indre allmenning. Når denne spuntveggen er lang nok må den forankrast slik den kan brukast som kai. Lossesystem monterast på denne for å pumpe fisken til fabrikken.

Kommunen peike på at ein av dei største risikoane i prosjektet var knytt til mudringsprisane. Når prosjektet må gjennomførast i ein bestemt tidsperiode, for å sikre drift hos Fosnavaag Pelagic AS i anleggsperioden, så vil kommunen ikkje kunne gjennomføre prosjektet når mudringsprisane er låge – og kan då risikere ein mykje høgare pris enn det som ligg inn i kostnadsoverslaget. Likeså peika kommunen på den høge økonomiske risikoen som ein garanti mot dekking av eit eventuelt økonomiske tap til Fosnavaag Pelagic AS ved driftsstans vil vere.

### **Konklusjon:**

- Fosnavaag Pelagic AS vil eige det nye landarealet i front av sin eigedom, men dette kan drøftast.
- Fosnavaag Pelagic AS godtek at kommunen eiger den nye kaifronten, men vil ha ein avtale som sikrar at båtane ikkje blir hindra i å levere fisk til selskapet sitt anlegg

- Fosnavaag Pelagic AS krev ein økonomisk garanti for tap ved driftsstans i anleggsperioden
- Fosnavaag Pelagic AS tek kostnaden for etablering av system for pumping av fisken frå kaia til fabrikken i anleggsperioden
- Fosnavaag Pelagic AS har ikkje midlar til å vere med på eit spleiseland.

Fosnavåg, 24. august 2020

Andreas Christian Nørve  
referent